



Møre og Romsdal
fylkeskommune

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua, Norge
0301 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
202212014-3	08.12.2022	8815/2023/S11	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	02.02.2023

Stranda kommune - Høring av søknad om etablering av dam og uttak av vatn frå Langedalselva - fråsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld løyve til etablering av dam og uttak av vatn frå Langedalselva for å legge til rette for snøproduksjon. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

Samferdsel

NVE legg til grunn at fylkesveg 60 kan bli ramma av flaum. Saksdokumenta må synleggjere/vurdere kor sannsynleg/konsekvens ei brest i demminga vil ha for fylkesveg 60. Vi gjer merksam på at manglande vurderingar og/eller krav til nødvendige tiltak kan gi grunnlag for klage.

Vassforvaltning

Vassforvaltningsplana skal bli lagt til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Gjer kommunen løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må kommunen behandle tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Tiltaket går inn til vassførekomst Langedalselva (Fursetelva bekkefelt, 098-51-R). Vassførekomsten er i dag i god tilstand med miljømål god tilstand. Den har ingen

registrerte påverknader eller tiltak. Fysiske inngrep i elva vil kunne påverke tilstand. Det er ikkje vurdert korleis tiltaket vil påverke den økologiske tilstanden. Det er positivt at det er planlagt å legge rør eller V-overløp ved dammen for å sikre minstevassføring i bekken. Likevel bør tilstand vurderast før løyve blir gitt. I tillegg bør den samla påverknaden snøproduksjonen har på Fursetelva vurderast.

Konklusjon

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare behandlinga.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42

Vassforvaltning: rådgivar Vidar Buset, tlf. 919 93 557

Kopi:

Stranda kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal